



Muligheter innen **Fiskaryrket**

SKIPPER

Kokken

FISKAREN

Fabrikk sjef

TRÅLBAS

Maskinist

BESTMANN



Fiskaryrket

er eit av dei best betalte praktiske yrke i Norge

Fiske og fangst har lange tradisjonar i Norge. Ein langstrakt kyst og historiske rettar gjer at landet rår over store havområde og rettar til fiske. Den norske fiskeflåten er i stor grad moderne fartøy. Vi har likevel ein differensiert flåtestruktur med fartøy i alle storleikar med ulike driftsformer og fangstreiskap. Fagbrevet i fiske og fangst gjev kunnskap om dei ulike driftsformer og fangstreiskap, og ei utfordrande yrkeskarriere med muligheiter for å arbeide innfor alle fartøygrupper. Utviklinga i fiskeflåten har gitt oss meir moderne og effektive fartøy. Dette har ført til færre fiskarar, men har gjort fiskebåten til ein godt betalt arbeidsplass. Ein gjennomsnittlig heilårsfiskar har omlag 360 000 i årsløn. For nokre fartøygrupper er lønna langt høgare, nærare 800 000 kroner. Med fagbrev vil du være med i konkurransen om desse attraktive jobbene.

Bilete frå Eros AS



Folk, tradisjon og KOMPETANSE

FAGBREV I FISKE OG FANGST GJER DEG ATTRAKTIV TIL NØKKELSTILLINGAR.

På fartøy opptil 500 brutto tonn kan du bli skipper ved å løyse kystskippersertifikat. Teoridelen av kystskippersertifikat(dekksoffisersertifikat klasse 5A) inngår i pensum til VG 2 fiske og fangst. På trålarar treng særleg bøte- og reiskapskyndige nettmenn og trålbasar. Fartøy som fiskar med not treng bøte og reiskapskyndige notbasar. Båtar med ombordproduksjon har i tillegg behov for nøkkelpersonell for produksjonsprosessen som fabrikkformenn, fabrikksejar og maskinkøyrarar. Læreplassen fram mot fagbrevet er både teoretisk og praktisk. Det gir deg ei solid plattform for å tilegne deg den spesialkompetansen som er nødvendig i nøkkellstillingar på fiskefartøy.

FISKERINÆRINGA

treng fagfolk i alle ledd

Fiskaryrket er utfordrande. Ein fiskar treng brei kunnskap om reiskap, maskinar og anna utstyr. Service og reparasjonar må ofte gjerast om bord. Kvalitetsarbeid blir stadig viktigare gjennom heile produksjonsprosessen. Fagopplæring gjev mannskapet større kunnskap om utstyr og kvalitet.



STILLINGAR PÅ ULIKE FISKEBÅTAR

TORSKE- OG REKETRÅL

Skipper
Styrmann
Stuert
Maskinist
Maskinist eller assistent
Bas
Fløttmann
Fabrikksjef
Fabrikkleiarar
Reparatørar
3-14 Fiskarar
1-2 Lærlingar
Messepike/gutt

AUTOLINE

Skipper
Styrmann
Stuert
Maskinist
Maskinassistent
Bestmann/fiskar

2-3 Fiskarar
1-2 lærlingar

RINGNOT

Skipper
Styrmann/bas
Stuert
Maskinist
Maskinist eller assistent
Bestmann/fiskar

3 fiskarar
1-2 lærlingar

KYSTFISKE

Skipper
Bas/styrmann
Stuert
Maskinist
2-3 fiskarar
Lærling

Dokumentasjon av
KVALITET
blir stadig viktigare


Utanlandske styresmakter og kundar krev stadig betre dokumentasjon for at produkta dei importerar vert handsama på ein forskriftsmessig måte gjennom heile produksjonsprosessen. Mannskapet sitt arbeid på fiskebåten utgjær ein viktig del av fremstillingsprosessen for fiskeprodukt. Fagbrev er ein internasjonalt godkjent dokumentasjon for arbeidarane si kompetanse.

KUNNSKAP


er fiskeflåten sitt viktigaste fortrinn

For den som driv ei bedrift, er det viktig å ha eit eller fleire fortrinn i forhold til konkurrentane, og det gjeld også for fiskeflåten. Norske fiskarar har kvoterettar i verda sine største og mest berekraftige fiskeri, men disse rettane delar vi i stor grad med andre nasjonar.

Norske skipsverft og leverandørar av utstyr til fiskefartøy er leiande på mange felt, men norsk teknologi er like tilgjengelig for fiskarar frå andre nasjonar, så vi må heile tida utvikle oss og ta nye steg. Vårt største konkurransefortrinn i framtida må derfor være kompetansen om bord på i båten. Vi må kunne konkurrere både på pris og kvalitet. Vi må ha fiskarar som er dei beste til å bruke teknologien for å utnytte naturressursane effektivt. Dei må kunne sikre at fisken og råstoffet får ei kvalitetsmessig handsaming slik, at produkta oppnår best mulig pris i marknaden. Kompetansen ein får gjennom fagbrevordninga vil i framtida være det beste tiltaket for auka lønnsemd, både for mannskap og reiarlag.



Vegen til FAGBREV fiske og fangst.



Sjå www.vilbli.no for meir informasjon

I den vidaregåande skulen er yrkesfaga inndelt i utdanningsprogram med nokre felles allmennfag. Det skal gjøere det lettare for ungdom å velje si utdanning, og skifte på tvers av fagretningar. Fiske og fangstyrket har saman med andre primærnæringar som landbruk og akvakultur eit eige programområde. Det heiter VG 1 Naturbruk, og vert ofte delt i grøn og blå variant i høve til næringsgrunnlag som finst i regionen.

Det andre året er eit år med spesialisering, og heiter VG 2 fiske og fangst. I dette året skal ein i tillegg til felles programfag innan fiskerifag, også bli kjent med faget gjennom prosjekt til fordjuping. Dei mest sentrale faga er fiskerifag, navigasjon og reiskapslære. Undervisninga skjer både i aktivt fiske og på skulen.

Etter to år på skulen vil det være muligheter for å velje mellom fagopplæring på båt eller vidare utdanning på skule. Enten gjennom VG3 Naturforvaltning eller gjennom VG 3 allmennfagleg påbygging. Dei fleste vel opplæring i bedrift, ei praktisk opplæring fram mot fagbrev. Læretida er to år med opplæring og verdiskaping om bord i fiskebåt eller bedrift på land. For å løyse ut sertifikat krevst det at ein har bestått alle fag med karakteren 3 eller betre. Etter godkjent praksis i to år kan ein gå opp til fagprøve, og det gir inngangsbillett mot vidare utdanning eller som mannskap på fiskebåt.

Fagbrev for fiske og fangst gir inntak på teknisk fagskole nautisk linje. Det gjev muligheter for å løyse høgare sertifikat for alle fartøy.


ALTERNATIVE vegar fram til fagbrev

Vaksne fiskarar kan også ta fagbrev gjennom praksiskandidatordninga eller gjennom ei frivillig lærlingordning. Det betyr at ein enten dokumenterer teoretisk forståing og lang praksis for utøving av fiskaryrket. Det krevst ein skriftlig eksamen, men eit kortare teorikurs kan være ein fordel. For dei som ikkje har fullført tidligare vidaregåande skule, vil det være moglegheit for å ta full opplæring i praksis og i tillegg ta enkelt fag for å få den nødvendige teorikompetansen. Uansett er dette ei ordning som krev god rettleiing frå skule og opplæringskontor. Dei kan også lage bedriftsintern opplæring i samarbeid med andre institusjonar og skular skreddarsy opplæring for den enkelte.



Vidare utdanning for vaksne

For dei som valde allmennfagleg påbygging er det mulig å starte å studere vidare i høgskule eller på universitet. Også dei som er over 25 år og har lang praksis og fagbrev kan søke til høgare utdanning. Dei vil få vurdert realkompetansen sin før inntak. For dei som ynskjer å ta sertifikat kan ein avlegge fagprøve og søkje på teknisk fagskule, med grunnlag i lang praksis.



DEKKSOFFISERSERTIFIKAT klasse 5 A (Kystskipper)

For å være skipsfører eller styrmann på fiskefartøy over 10,67 meter, må en ha sertifikat klasse 5A. Fagplanen for VG 2 fiske og fangst dekker dette kravet til dekksoffisersertifikat klasse 5A. Det krev også 36 måneder fartstid. All fartstid skal dokumenteres og det er lurt å kontakte et opplæringskontor eller en skole for å få rådgiving for hvordan en skal skaffe seg slik dokumentasjon, om en ikke har et rederi som kan gjøre det.

Praksis frå sjøen er viktig for mange karrierevegar, og gjev ei allsidig erfaring for seinare yrkesval. Noregs Fiskarlag har tilbod om opplæring innan sikkerheit og kvalitetssikring. Meir informasjon finn ein på: www.fiskarlaget.no

VIDARE UTDANNING

Fagbrev for fiske og fangst gir inntak på teknisk fagskole nautisk linje. Det gjev muligheter for å løse høgare sertifikat for fiskeflåten.

For dei som valgte allmennfaglig påbygning er det mulig å starte å studere vidare. Det finns også etterutdanning for maskinistar. Ta kontakt med skular eller opplæringskontor for meir informasjon.



Andre NØKKELSTILLINGER

ombord i en fiskebåt.

BESTMANNEN er ei stilling som krev lang erfaring og ofte har personen utdanning som skipper. I høve til opplæring har han ofte eit viktig ansvar for leiinga av arbeidet på dekk.

FABRIKKSJEFEN leiår arbeidet i fabrikk og har ansvar for opplæringa av nye fiskarar. På dei båtane som har krav om eigenkontroll er det svært viktig med dokumentasjon av kvalitet og produksjonsprosess. Kjennskap til reglar for produksjon av næringsmiddel er difor sentralt.

TRÅL ELLER NOTBASEN er arbeidsleiar på dekk og har eit særleg ansvar for at trålen eller nota er i god stand, og at fisket skjer effektivt og utan for store avbrot.

MASKINISTEN er ansvarleg for alt maskineri og utstyr er i orden om bord i båten. På større båtane har ein gjerne to maskinistar og ein assistent/lærling om det trengst. Viktige oppgåver er reparasjonar, vedlikehald, reinhald og vakthald. På båtane med mykje utstyr for produksjon av fisk har ein gjerne ein reparatør som hjelper maskinisten med diverse vedlikehald og reparasjonar av utstyr om bord.


KOKK/STUERT er ein viktig person, for utan mat duger helten ikkje heitast det. For dei fleste lærlingar er kokken den som møter ein og gjev råd i høve til trivsel om bord. Nokre båtane har og messepike eller messegutt som hjelper til i matlaginga.



Opplæringskontora

i fiskeri- og havbruksfag - eit nasjonalt nett for rekruttering og kompetanse

- Fiskerinæringa har behov for utdanna ungdom i alle ledd
- Fiskerinæringa har utdanning og jobb med internasjonale muligheter
- Fiskeriutdanning gir ein utdanning som du kan bygge vidare på



1 Læreplasser i fagene:

- Akvakultur
- Fagarbeider i sjømat
- Fagarbeider i matvareproduksjon
- Fiske og fangst
- Industrimekaniker
- Butikk



OK Kyst-Finnmark
 post@ofm-finnmark.no
 www.ofm-finnmark.no
 tlf: 99 58 71 55

2 Læreplasser i fagene:

- Akvakultur • Automatikkmeikaniker • Fiske og fangst
- Industriell næringsmiddelproduksjon • Matfag • Vekterfag



Hammerfest
 Opplæringskontoret for fiskerinæringa i Vest-Finnmark
 Sjøgata 6, 9600 Hammerfest
 Telefon: 78 40 62 12
 Telefax: 78 40 62 09
 Mobil: 951 41 023
 E-post: ofv@trollnet.no - www.off.no

3 Læring i fiskeri og sjømatfagene i hele Troms! Akvakultur / Havbruk

Fiskebåter / Fiske - fangst og motormann
 Fiskeindustrien / fagoperatør i matvareproduksjon, fagarbeider i sjømat, fiskehandler
 Industritekstil fiskeredskaper
 Vi gjennomfører bransjekurs og rekrutterings kampanjer



Opplæringskontoret for fiskerifag i Troms
 9386 Senjahopen
 Telefon 77 85 87 52 - Telefax 77 85 89 44
 Mobiltelefon 970 67 018
 E-post: post@okftroms.no
 Hjside: www.okftroms.no

4 OKFN administrerer lærlingeordningen for fiskeribedrifter på land og sjø, og tilbyr læreplasser i sjømatfaget, iskehandlerfaget, akvakultur, fiske og fangst m.fl.

Vi tilbyr også fagrettede kurs, og prosjektadministrasjon. Kontoret er kurs- og opplæringsansvarlig i Vesterålen Fiskeripark.

Opplæringskontoret for nordre Nordland (OKFN)
 postboks 374, 8439 Mjre
 Mobil 952 23 850 - Fax 76 18 55 01
 marit.okfn@fiskeriparken.no



5 Kunnskapsenteret i Gildeskål tilbyr:

- Lærlinger og læreplasser i fiskerifag og andre fag
- Eksamensforberedende kurs i fiskerifag
- Opplærings- og utviklingsarbeid tilpasset behovet i bedriften.




8140 Innryd - 75756300 - 7575676
 kig@kig.no - www.kig.no

5 Tverrfaglig opplæringskontor i Helgeland


TOH www.toh.no

6 Vi tilbyr spennende læreplasser i :

- Akvakulturfaget - Fiske og fangst - Fiskeindustrifaget - Motormannfaget - Kjemiproessfag

I tillegg kjører vi kurs for voksne som vil ta fagbrev i akvakultur, fiskeindustri og fiske/fangst.

Opplæringskontoret for fiskeri og havbruk i Nordmøre og Romsdal
 Bakeriet/Kårvåg, 6530 Averøy
 Tlf: 71 51 54 57 - Fax: 71 51 54 76 - Mob: 951 30 559
 www.e-hav.no - post@e-hav.no



7 FONS er godkjent for å ta inn lærlinger i følgende fag: Fiske og Fangst - Fiskeindustri - Akvakultur - Fiskehandler - Motormann - Matros - Industrimekaniker.

Vi har mange ledige læreplasser, ta kontakt!!!



FISKERIFAGLIG OPPLÆRINGSKONTOR FOR NORDRE SUNNMØRE
 FONS, Sentrum, 6050 Valdøry
 Telefon: 70 18 39 30 eller 97766710
 E-post: fons@fons.no - Hjemmeside: www.fons.no

8 Vi har godkjenning for følgende fag : Akvakultur - Fiske/fangst - Fiskehandler - Fiskeindustri - Fiskeriredskap - Motormann - Matros - Kock - (Stuert)

OKfisk

Opplæringskontoret for Fiskerinæring og Sjøfart

Opplæringskontoret for Fiskerinæring og Sjøfart
 Mjølstadneset, 6092 Eggesbanes - www.okfisk.no
 Tlf. 70 08 00 60 • Faks 70 08 00 61 • firmapost@okfisk.no



9 Vi tilbyr læreplassar innan desse faga: Fiske og fangst - Matros - Motormann - Akvakultur - Fiskeindustri - Industriell næringsmiddelproduksjon - Laboratorie-faget - Motormekaniker

Opplæringskontoret for Fiskeri- og havbruksfag i Sogn og Fjordane, Måløy.

Adresse: Gate 1, nr. 70
 Postboks 126 - 6701 Måløy
 Tlf: 57 85 22 32 - Mob: 918 65 245
 E-post: okfh@online.no
 www.okfh.no



10 Vi er godkjent i følgende lærefag: Fiskeindustri - Fiskehandel - Akvakultur - Fiske og fangst - Motormann - Matros

I samarbeid med Norsk Sjømatssenter tilbyr vi fagbrevopplæring og andre fagrettede kurs.

Opplæringskontoret for fiskerifagene i Hordaland, Norsk Sjømatssenter
 Bontelabo 2, 5003 Bergen
 Tlf: 55 55 48 80
 Fax: 55 55 48 88
 E-post: samuelsen@sjomat.no
 Daglig leder: Bjørn Samuelsen
 www.sjomat.no



11 Vi har læreplasser i Austevoll Fiske og fangst - Akvakultur - Fiskeindustri - Fiskeriredskap - Matros - Motormann og andre landbaserte fag

OK AUSTEVOLL


OPPLÆRINGSKONTORET I AUSTEVOLL
 5392 Storebø
 Telefon: 55 08 25 00 - Telefax: 55 08 25 01
 e-mail: post@okaustevoll.no
 www.austevoll.com/okaustevoll/



12 Opplæringskontoret for Fiskerinæringa i Sunnhordland har kontor på Bømlo.

Vi har læreplassar i akvakultur, fiskeindustri, fiske og fangst, motormann, matros og automatikkmeikaniker.

Opplæringskontoret for Fiskerinæringa i Sunnhordland
 Boks 11, 5445 Bremnes Tlf: 53 42 73 00 Fax: 53 42 76 42
 Mobil 900 83 549 E-post: post@fiskerifag.no



Opplæringskontoret for Fiskerifag i Nord-Trøndelag.

Læreplassar i akvakultur, fiskeindustri, fiske og fangst

Pb 339 7901 Rørvik Tlf: 74 39 14 90
 Fax 74366369 Mobil 915 75 330
 E-post: ofnt@online.no Daglig leder: Gjert Eirik Grande

13 Vi har læreplasser i følgende fag: Akvakultur - Sjømat - Sjømathandler Fiske og fangst - Matros - Motormann Fiskeriredskap - Kjemiproess

Fiskerifaglig Opplæringskontor for Rogaland og Skagerak-kysten BR

Postboks 16, 4161 Finnøy
 Tel: 51 71 02 20/48 11 85 76
 kristin@fiskerifaglig-ok.no
 www.fiskerifaglig-ok.no

